



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger, Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>04.06.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:10</b>

**Faste medlemer til stades:** Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Karoline Bjerkeset og Lise-May Sæle

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:** Frode Bøthun

**Til stades med møte- og talerett:** Fylkesrådmann, Tore Eriksen, og innkjøpssjef, Katrine Røkke Wilson, sak 35/18

Deloitte: Kjersti Gjuvslund, deler av sak 27/18, sak 28/18 og sak 35/18 og Frode Løvlie sak 30/18

**Sekretariat for møtet:**

Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune, Roald Breistein

Kontrollsjef Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte

**SAK 27/18 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 4. juni 2018.**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte

a. Utdannings- og yrkesrådgjeving

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Den er enno ikkje heilt ferdig men vert levert innan 20.08.2018.

b. FR Reiseliv

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dette arbeidet er så langt i rute.

c. HMT og inkluderande arbeidsliv

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dette arbeidet er så langt i rute.

2. Orientering frå leiar i kontrollutvalet

a. Innkalling til representantskapsmøte 08.06.2018 i Trivselshagen er motteke. Karoline Bjerkeset deltar i møtet på vegne av kontrollutvalet.

b. BT signal skal ha generalforsamling 14.06.18. Ingen frå kontrollutvalet skal vera til stades.

c. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapet 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvalet i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre. SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018.

Informasjonen frå leiar vart teken til orientering.

3. Orientering frå sekretariatet

a. Møte i KU 28.08.2018 kolliderer med anna møte sekretariat for kontrollutvalet Hordaland fylkeskommune skal ha. For å sikre at dei eventuelt kan bistå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane i første møte etter sumarferien vart møtet endra til 06.09.2018. Møtet skal haldast i Måløy med oppmøte kvelden før. Det kan t.d. leggjast inn besøk på Måløy vgs. Sekretariatet vert bedne om å lage ei skisse til program som vert send medlemmene i utvalet til uttale før iverksetting.

Når det gjeld møtet 25.09.2018 er det ønskjeleg å få til felles møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Det er vanskelig for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune å endre datoен då det er kombinert med politikardagar. Utvalet er kjend med at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune etter planen skal ha møte 24.09.2018 og det er ønskje om at dei kan endre til dagen etter.

b. Folkevaldopplæring i januar 2019

Sekretariatet orienterte om at folkevaldopplæringa skal haldast i januar 2019. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane kom med slike forslag til tema: Presentasjon av case frå kvar fylkeskommune, innkjøpsrutinar og utfordringar med det, etikk, mobbing i skulen (nytt regelverk frå 2017), samanhengar og samhandling (intern kontroll), arbeidslivskriminalitet.

4. Partsbrev - Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

---

**SAK 28/18      Oppfølging - Forvaltningsrevisjon  
kulturminneforvaltning**

**Forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekte.
2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.
3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

**Avrøyting:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekte.
  2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.
  3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.
-

**SAK 29/18      Oppfølging - Rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018.

**Avrøysting:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
  2. Utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018.
- 

**SAK 30/18      Rolla til kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune ved samanslåing - Arbeidsmøte 3**

**Forslag til vedtak:**

Det vert ikkje lagt opp til å gjera vedtak i saka.

**Handsaming i møtet:**

Det vart gjennomført video-møte saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne saka. Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, leia ein prosess der dei to kontrollutvala drøfta felles rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

Det vart drøfta å ha følgjande vidare oppfølging:

- Kontrollutvalet bør ha tett oppfølging av prosessen med samanslåing av dei to fylkeskommunane ved at prosjektleiar/fylkesrådmann vert invitert relativt hyppig til møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet. Det kan leggjast opp til å ha forskjellige tema i dei ulike møta der også nokre av fylkesdirektørane kan inviterast til å delta.
- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan informasjonstryggleik
- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan beredskap på vegngettet (vidareføring av det arbeidet som pågår i Hordaland)
- Den eine fylkeskommunen kan gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som den andre kan dra nytte av etterpå
- Leiar i fellesnemnda bør også inviterast til å orientere om status i arbeidet med jamne mellomrom
- Orienteringane frå prosjektleiar/fylkesrådmann og leiar i fellesnemnda bør samordnast slik at det kan skje i felles video-møte mellom kontrollutvala i dei to fylkeskommunane. Møteplanane bør samordnast, i alle høve når plan for 2019 skal utabeidast.
- Sak om val av revisjonsordning vart også drøfta
- Kontroll av noverande fylkeskommune kan skje ved at fylkesrådmannen kjem i møter i kontrollutvalet for å orientere om det er «busines as usual» og i tilfelle ikkje, samt kva dette eventuelt går utover

- Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapet 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre. SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

---

**SAK 31/18      Prosjektleiar/fylkesrådmann orienterer om status for arbeidet med regionreforma**

**Forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektleiar/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.

**Handsaming i møtet**

Prosjektleiar/fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om status for arbeidet med regionreforma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Endringsframlegg:**

Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert gjeve i møte 25.09.2018 i eventuelt felles video-møte med utvalet i Hordaland fylkeskommune.

**Avrøyting:**

Med denne endringa i punkt 2 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
  2. Kontrollutvalet ber om at prosjektleiar/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.
- 

**SAK 32/18      Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune**

**Forslag til innstilling:**

- Alt. 1. Vestland fylkeskommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Alt. 2. Vestland fylkeskommune vel å kjøpe alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Alt. 3. Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisionen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisionen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

#### **Endringsframlegg:**

Kontrollutvalet meiner at det også er rett å tenke på kva konsekvensar val av revisjonsordning kan få for dei andre kommunane i Sogn og Fjordane og deira eigarskap i kommunale revisjonsselskap.

Kontrollutvalet vart samde om å innstille på alternativ 3 til innstilling til fellesnemnda.

#### **Avrøyting:**

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

#### **Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisionen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisionen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

---

## **SAK 33/18      Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF-revisjon IKS**

#### **Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget vedtek å melde Sogn og Fjordane fylkeskommune ut av SF revisjon IKS med verknad frå 01.01.2020.

#### **Endringsframlegg:**

Etter sams drøfting kom kontrollutvalet fram til slikt nytt forslag til innstilling:

1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

2. Om fellesnemnda kjem til ein anna konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.

**Avrøyting:**

Etter dette vart slik innstilling samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
  2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.
- 

**SAK 34/18      Oppfølgingsliste 4 - 2018**

**Forslag til vedtak:**

Oppfølgingsliste 4 – 2018 vert teken til orientering.

**Avrøyting:**

Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Oppfølgingsliste 4 – 2018 vert teken til orientering.

---

**SAK 35/18      Forvaltningsrevisjon av innkjøp - Tilleggsbestilling**

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert følgd opp som ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.

**Handsaming i møte:**

Fylkesrådmannen sende sin uttale til notatet frå advokat Kvammen til sekretariatet 04.06.2018. Uttalen vart vidaresend til medlemmene i kontrollutvalet. Av utalen går det fram at fylkesrådmannen ikkje har merknader til advokat Kvammen sine utgreiingar, og tar konklusjonane til etterretning. Notatet frå fylkesrådmannen dagsett 19.01.2018 om status på saka vert også lagt ved saken til fylkestinget.

Fylkesrådmann, Tore Eriksen, og innkjøpssjef, Katrine Røkke Wilson orienterte om uttalen til notatet frå advokat Kvammen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart m.a. orientert om at det er halde to møte (23.1.2018 og 15.05.2018) med kommunane når det gjeld oppfølging av helsevikaravtalen. På møta var det fokus på oppfølging av korleis dei enkelte leverandørane fungerer.

**Endringsframlegg:**

Kontrollutvalet ønskjer at teksten «..... følgd opp som ....» vert stroke i punkt i innstillinga.

**Avrøyting:**

Med denne endringa i punkt 2 i innstillinga vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
  2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.
-